

Protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest

Tid: 3. desember 2014 kl. 14:00 – 17:45
Møtestad: Møllendalsbakken 9, Bergen

Styremøtet var ope for publikum og presse.

Deltakarar frå styret:

Maria Borch Helsengreen
Olav Godtfred Klausen
Jon Bolstad
Anne Sissel Faugstad
Inger Cathrine Bryne
Per Karlsen
Bente Mari Rolfsnes
Nina Carstens
Marianne Saugestad

Leiar
Nestleiar
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem

Forfall frå styret:

Ingen

Deltakarar frå administrasjonen:

Jannicke Daae Tønjum, Administrerende direktør
Ola Rye, Økonomisjef (referent)



Sakliste

Ope del

- | | | |
|-----------|-----|---|
| Sak 65/14 | B | Godkjenning av innkalling og dagsorden |
| Sak 66/14 | B | Godkjenning av protokoll frå styremøte 06.11.2014 |
| Sak 67/14 | O | Administrerande direktør si orientering |
| Sak 68/14 | O | Rapport frå verksemda per oktober 2014 |
| Sak 69/14 | B | Årleg melding for sjukehusapoteka Vest HF 2014 |
| Sak 70/14 | B/O | Eventuelt
Skriv og meldingar |
| Sak 65/14 | B | Godkjenning av innkalling og dagsorden |
| Sak 66/14 | B | Godkjenning av protokoll frå styremøte 06.11.2014 |
| Sak 67/14 | O | Administrerande direktør si orientering |

Lukka del

- | | | |
|-----------|---|---|
| Sak 71/14 | B | Budsjett 2015
Saksdokument u. off. jf. Offentleglova § 23 første ledd |
| Sak 72/14 | B | Styret si eigenevaluering 2014
Vedlegg i saka er u. off. jf. Offentleglova § 14 første ledd |
| Sak 73/14 | B | Vurdering av administrerande direktør og regulering av lønn
Vedlegg i saka er u. off. jf. Offentleglova § 14 første ledd |



Ope del

Sak 65/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Forfall:

Ingen

Dokument delt ut i møte:

Ingen

Eventuelt

Leiarsituasjonen ved Sjukehusapoteket i Bergen

Vedtak (samrøystes):

1. Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

Sak 66/14 Godkjenning av protokoll frå styremøte 10.09.2014

Oppsummering:

Styret hadde ingen merknader til protokoll frå styremøte 06.11.2014.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjenner og underteknar protokollen frå styremøte 6. november 2014.

Sak 67/14 Administrerande direktør si orientering

Oppsummering:

1. **Kort status om skifte av grossist per 01.01.2015**
Prosjektet som er etablert for å sikre tryggast mogeleg skifte til ny grossist er i rute.
Leveringssituasjonen ut åres synest trygg med dei tiltaka som er etablert, og systemsida ser ut til å falle på plass.
2. **Kort status i arbeid med å implementere ESA-krav innan 01.01.2015**
SAV er i rute med å implementere ESA-krava.
3. **Oppdatert Årsplan 2015**
Etter behov for å flytte styremøte i september 2015 og ytra behov for noko meit tydeleggjering av når faglege emnar skal gis rom på styremøta blei det frå AD foreslått ein justering av allereie vedteken Årsplan for styret for 2015. Justert plan låg ved, og det var ingen vesentlege merknader til denne. Justert Årsplan vil difor bli førande for planlegging av styremøter i 2015.
4. **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**
Ingen saker sidan sist.
5. **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker**
Oversikt ble gått igjennom i møtet, og administrerande direktør orienterte kort om framdrift i prosessen med å svare ut tilsynet ved Sjukehusapoteket i Stavanger (SiS).
6. **Oversikt over aktuelle høyringar**
Oversikt og kopi av høyringssvar blei kort gjennomgått.
7. **Styresaker til oppfølging**
Ingen saker



Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Sjukehusapoteka Vest tek meldingane til orientering.

Sak 68/14 Rapport frå verksemda per oktober 2014

Oppsummering:

Trend med fallande sjukefråvere held fram i 2014, sjølv om samla sjukefråvær i oktober 2014 er 8,4 % mot 6,4 % same tid i fjor. Det gjennomsnittlege fråværet ligg så langt i år på same nivå som per oktober 2013.

Tal tilsette og netto månadsverk er innanfor budsjett. Bruk av overtid og meirtid går ned siste 2 år. Hovuddelen av Sjukehusapoteka Vest sine AML-brot er teknisk brot knytt til vekesillet i GAT. Etter dialog med Fagforeiningane endra dagens oppsett frå november, og ein forventar derfor lågare tal for ALM-brot frå 2015.

Kursdeltaking er høgare i 2014 enn i 2013, det gjeld både e-læring og klasseromkurs.

Sjukehusekspedisjonane held fram arbeidet med effektivitet og kostnadsstyring med fokus på å nytte teknologien betre.

Hovudfokus i drifta i PUB er fortsatt aktiviteter som aukar sal og inntening. Samstundes er kostnadsfokus auka.

For farmasøytiske tenester er det gjort tiltak på informasjon til sjukehusavdelingane om tilbod og oppgåver sjukehusfarmasøytane kan levere. Kapasiteten på farmasøytar rusta til å levere klinisk farmasi er auka.

I desember vert det utlyst to nye D-stillingar der SAV finansierer første delen av PhD-program for farmasøytar. Ein samarbeider med UiB for å finne oppgåver tett knytt til apotekverksemda.

SAV arbeider parallelt med beredskap og planrevisjon både lokalt, i Helse Vest og nasjonalt.

Beredskap i samband med overgang til ny grossist ved årsskiftet er særlig i fokus.

SAV er no miljøsertifisert i tråd med føringar frå Helse Vest. Planarbeid og førebuing til revisjon i mars 2015 er i gang.

Styringsgruppa har vedteke å flytte lansering av det nye systemet for verksemdsstyring, SAVvy, frå 1. desember 2014 til 1. mars 2015. Gevinsten ved dette er at SAVvy får breiare innhald ved lanseringa, noko som er svært viktig for tileigning og praktisk bruk.

SAV har ved utgangen av oktober ei samla omsetning på 761,7 mill. Dette er 24,9 mill. over budsjett. Bruttomargin frå varesalet er 89,2 mill., noko som er 6,1 mill. under budsjett. Omsetning frå sal av tenester og andre inntekter er 72,8 mill., noko som er 1,2 mill. under budsjett. Personalkostnader og driftskostnader er høvesvis 3,1 mill. og 4,0 mill. under budsjett. Samla resultat ved utgangen av oktober er på 8,3 mill., noko som er omtrent på budsjett. Oppdatert prognose for 2014 viser eit resultat på 9,3 mill. Dette er 1,0 mill. under budsjett og 0,6 svakare en i førre prognose i september. Endring i prognose skuldast spesielt lågare bruttomargin på varesal siste periode.

Sjølv om Rapport frå verksemda er korta ned synes styre fortsatt at den er omfattande og på nokon område for detaljert. Styret ber administrasjonen sjå på mogelegheit for i større grad å gje trendar på til dømes varekost i staden for tal per månad.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Sjukehusapoteka Vest tek rapporten til orientering.



Sak 69/14 Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest 2014

Oppsummering:

Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2014 kan strukturelt deles i tre hovuddelar:

- Hovudområder for styring og oppfølging i 2014 sett av administrerende direktør i føretaket
- Helsefaglege, økonomiske og organisatoriske krav frå Helse Vest RHF
- Plandokument for 2015

Årleg melding er utforma på mal frå Helse Vest.

Årleg melding er først og fremst ein rapport på bestilling frå eigar, og viser ikkje ei samla oversikt over alt utviklingsarbeidet som går føre seg i Sjukehusapoteka Vest.

Sjukehusapoteka Vest har gjennom 2014 levert på dei krav som er sett til føretaket.

Styret kom med nokre språklege innvendingar, og ønska at desse, saman med oppdatering av siste tal ved utgangen av året, blir retta før endeleg Årleg melding blir sendt over til Helse Vest

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Sjukehusapoteka Vest vedtek Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2014.
2. Styret i Sjukehusapoteka Vest gir administrasjonen høve til å oppdatere aktivitetstal og økonomital samt nødvendige kommentarar knytt til desse før Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2014 vert sendt til Helse Vest RHF innan fristen 15. januar 2015.

Sak 70/14 Eventuelt

Oppsummering:

Administrerende direktør orienterte kort, på oppmoding frå tilsettere representantane i styret, om tiltak som vil bli gjennomført i forbindelse med sjukemeld leier ved Sjukehusapoteket i Bergen.

Vedtak (samrøystes):

Styret i sjukehusapoteka Vest tek informasjon om leiarsituasjon ved Sjukehusapoteket i Bergen til orientering.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

Ingen

Følgjande skriv og meldingar vart delt ut i møtet:

Ingen



Lukka del

Sak 71/14 Budsjett 2015

Oppsummering:

Framlagt Budsjett for 2015 blei diskutert med særlig fokus på endringar frå framlagt forslag til budsjet 2015 i november (Sak 60/14) og risikoelementa i budsjetet.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Sjukehusapoteka Vest vedtek budsjet for 2015.

Sak 72/14 Styret si eigenevaluering 2014

Oppsummering:

Der er eit krav i protokoll frå føretaksmøte at styret i Sjukehusapoteka Vest HF evaluerer eiga verksemd årleg. Oppsummeringa av evalueringa skal vidareformidlast til eigar, som igjen vidareformidlar til Helse- og omsorgsdepartementet. Dette kravet er og formidla gjennom rettleiaren for styrearbeid i Helse Vest.

Sjukehusapoteka Vest er forplikta til å gjennomføre evalueringa i høve til mal for styret si eigenevaluering og evaluering av administrerande direktør (AD) vedteke i Helse Vest RHF sitt styremøte 22. juni 2011 – sak 079/11 B.

Skjema for styret si eigenevaluering og evaluering av AD var utført elektronisk. Resultatfil frå spørjeundersøkinga var sendt ut til styremedlemmane i forkant og vart gjennomgått og kommentert i møtet.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret si eigenevaluering og evaluering av administrerande direktør i Sjukehusapoteka Vest HF, er gjennomført i ein elektronisk spørjeundersøking.
2. Styret si eigenevaluering og evaluering av AD må gjennomførst i Sjukehusapoteka Vest HF innan desember 2014 på utarbeidd mal frå Helse Vest RHF.
3. Oppsummering blir sendt Helse Vest RHF, som samordnar og sender samla oppsummering frå Helse Vest til Helse- og omsorgsdepartementet.

Sak 72/14 Vurdering av administrerande direktør og regulering av løn

Oppsummering:

Etter helseføretakslova § 29 skal styret føre tilsyn med administrerande direktør. Ein del av denne oppgåva vil vere å evaluere det arbeidet administrerande direktør gjer og hans utøving av rolla som dagleg leiar for helseføretaket. Vurdering av administrerande direktør var gjennomført på elektronisk skjema og det blei gitt utfyllande kommentarar i møtet.

Styret gav gode tilbakemeldingar til administrerande direktør for det arbeidet som var gjort i året.

Styret var godt nøgd med den rapporteringa som administrerande direktør gjer til styret, men peika på at graden av detaljar i rapporteringa kunne reduserast frametter. Styreleiar informerte administrerande direktør om tilbakemeldingane frå styret i etterkant av styremøtet.

Vedtak (samrøystes):

1. Administrerande direktør si løn blir regulert opp med 3,3 % med verknad frå 1. januar 2014.



Ref. Ola Rya

03.12.2014

Maria Borch Helsengreen
Styreleiar

Jon Bolstad
Styremedlem

Per Karlsen
Styremedlem

Bente Mari Rolfsnes
Styremedlem

Marianne Saugestad
Styremedlem

Olav Godtfred Klausen
Nestleiar

Anne Sissel Faugstad
Styremedlem

Inger Cathrine Bryne
Styremedlem

Nina Carstens
Styremedlem